

# Spanskesjuka i Bruvik kommune

av Rolf Erik Veka

*Det er i år 100 år sidan Spanskesjuka herja i Europa. Vil her gje ei oversikt over korleis den ramma Bruvik kommune.*

*Grunnlaget for denne oversikten er kyrkjebøker for Bruvik. Inndelinga i sokn er gjort i h.h.t. sokne grenser for Bruvik kommune. Lik inndeling i bygdebøkene.*

Spanskesjuka var ein verdsomspennande influensapandemi som herja frå 1918 til 1919 og tok kring 40 millionar liv.

Sjukdommen oppstod truleg i ein militærleir i Kansas, USA, våren 1918. Kort tid etter sende amerikanarane ein halv million soldatar til Frankrike for å delta i I. verdskrig.

Namnet spanskesjuka oppstod etter at pandemien vart mykje omtal i spansk presse. Spania var nøytral under I. verdskrig, og derfor var det ikkje noko pressesensur og dei kunne fritt omtala epidemien. Blant dei allierte styrkane vart ikkje epidemien omtala av taktiske grunnar.

Kva var spanskesjuka som tok så mange i alderen 20-40 år?

Viruset er influensaviruset A, dette har evne til store genetiske variasjonar (mutasjonar).

Spanskesjuka vart truleg overført som dropesmitte mellom menneska, med ei inkubasjonstid på ca. to døgn.

## **Spanskesjuka i Norge.**

Dei fyrste tilfella kom i juni/juli 1918 i Kristiania og Bergen. I slutten av september var spaltevis av dødsannonsar i avisene. Sundhetsvesenet i Bergen gjekk ut og oppfordra folk til ikkje å få panikk. Ein antar at kring 15000 døyde i Norge.

Samane var dei som vart hardest råka, manglande immunitet frå tidlegare pandemiar var truleg årsaka.

Sjukdomen kom i tre bølger. Sumarepidemien i juni/juli 18 var relativ mild. Den var mest alvorlege, som tok flest liv var haustepidemien, som var frå september til desember. Den tredje var vinterepidemien som var i starten av 1919.

Vinteren 1920 kom det ei influensabølge som også vart definert som spanskesjuka.

### **Korleis ramma spanskesjuka i Bruvik.**

Å få ei korrekt oversikt er vanskeleg, men i kyrkjebøkene kan ein finna ein del opplysningar.

I ein rapport skriv distriktslækjar Aas at sjukdomen kom til kommunen i to omgangar. Fyrste frå juli til slutten av august. Den var av mild type. Finn ingen melde dødsfall i den perioden.

Den verste perioden var om hausten, frå oktober og ut desember. Aas hadde 434 på sjukelista si, men mange fleire var sjuke. Han rakk ikkje over fleire.

I perioden oktober 1918 til mai 1919 vart det innmeld 48 personar død på grunn av spanskesjuka i gamle Bruvik kommune.

### **Stamnes sokn.**

Totalt 16 personar, 10 menn og 6 kvinner.

Sortert etter alder: 0-10 år, 6 gutar og ei jente, 11-20 år, 2 gutar og 2 jenter, 21-30 år, alle jenter, ein mann 40 år og ein mann 70 år.

Ein familie på Stamnes mista 3 born.

### **Dale sokn.**

Her er det litt usikkerheit om talet på kor mange det er som døyde av «Spanskesjuka». I kyrkjeboka er det noter at dødsårsak er lungebetennelse på 6 stk. Alle døyde i perioden då «Spanskesjuka» var i bygda og dei var i risikograppa. Vel derfor å ta dei med i oversikt.

Totalt 14 stk. 3 menn og 11 kvinner. 8 stk. døde i 1918 og 6 i 1919.

Sortert etter alder: 0-10 år, 1 gut og to jente, 11-20 år, 1 man, 21-30, 2 menn og 6 kvinner, ein mann 48 år og ein mann 71 år.

### **Bruvik sokn.**

Totalt 18 personar, 4 menn og 14 kvinner. 15 i 1918 og 3 i 1919.

Sortert etter alder: 0-10 år, 2 gutar og 5 jenter, 11-20 år, 1 mann og 4 kvinner, 21-30 5 kvinner og 1 mann 70 år.